

Haust 2022.

## Emnerapport (Haust 2022): DIDANOR1/DIDANORAN1

### Faglærer si vurdering av gjennomføring

#### **Tal studentar:**

DIDANOR1: 5 studentar

DIDANORAN1: 1 student

Det har ikkje vore fråfall dette semesteret.

#### **Undervisingsøkter og undervisingsformer:**

DIDANOR1 har hatt 12 undervisingsøkter dette semesteret. DIDANORAN1 fått tilbod om å delta på alle desse øktene, og i tillegg fått fire eigne økter. Øktene særskilte for DIDANORAN1 har hatt strukturen av ein fagsamtale, der studenten diskuterer pensum saman med faglærer. Vi har saman blitt einige om kva kapittel som skal diskuterast til dei ulike øktene.

Brorparten av øktene har vore før praksisperioden, vi har hatt ei økt i haustferien og eit par økter etter praksisperioden.

Øktene for DIDANOR1 består av ein god blanding av undervisingsformer. Det er stort sett studentaktive læringsformer i form av studentdiskusjonar, fagsamtalar og utprøving av metodar som kan nyttast i skulen. Eg opplever at studentane er engasjerte og at dei (som regel) har lese pensum før øktene.

I fjor var ein av kommentarane til kurset DIDANOR2 at studentane ønskte meir fokus på læreplanen som dokument. Dette semesteret har eg lagt opp til meir arbeid med læreplanen som dokument, og nytta han meir aktivt i undervisinga. Vi har lagt meir vekt på å analysere delar av læreplanen i høve til tematikken vi har vore innom.

#### **Frammøte**

Vi har vore to faglærarar på emnet dette semesteret. All undervising har vore fysisk med unnatak av ei økt som måtte gjennomførast på Zoom. Det er ikkje obligatorisk oppmøte på

Haust 2022.

øktene, og det har vore i snitt 4 studentar på undervisingsøktene. Dei fleste studentane melder frå viss dei ikkje kjem.

### **Obligatoriske aktivitetar**

Emnet har to obligatoriske aktivitetar: presentasjon av undervisingsopplegg på undervisingsverkstad og innlevering av utkast til mappeoppgåve.

- Presentasjon av undervisingsopplegg på Undervisingsverkstad.

Undervisingsverkstaden er ei kveldsundervisingsøkt (kl. 18-21) ein kveld i praksisperioden. Frå eit emneansvarleg- og faglærarperspektiv er dette eit godt høve til å møte studentane når dei er i praksis. Seks veker i praksis kan gjere at ein vert litt langt borte frå undervisinga på UiB, og eg opplever både denne verkstaden og undervisinga i haustferien som gode med omsyn til dette. Vi nyttar gjerne desse øktene til å høyre om ulike praksiserfaringar og å prøve å kople saman norskdidaktikken med dei erfaringane studentane har gjort seg i norskklasserommet. Frå eit faglærarperspektiv er altså dette gode økter, men det er problematisk for studentar som er åleineforsørgjarar, både kveldsundervisinga og undervisinga i ferieveker der skulen er stengt. Undervisingsverkstaden har det vore mogleg å gjere digitalt for dei studentane som ikkje kan vere med fysisk, medan det ikkje er like godt tilrettelagt for øktene i haustferien.

Dette vert ikkje trekt fram i studentevalueringa, men dette er det andre semesteret at det trengst litt ekstra organisering med omsyn til familiesituasjon for nokre av studentane. Det er ikkje negativt med tilrettelegging, men viss demografien i studentane som tek PPU held fram med å vere om lag den same, er det moglegvis grunn til å vurdere om ein skal halde fram med undervising på slike tidspunkt.

- Innlevering av utkast til mappeoppgåve: studentane leverer utkast til mappeoppgåve (som utgjer eksamenstekstane), og får skriftleg rettleiing på desse. Då emnet gjekk hausten 2021 fekk studentane både skriftleg tilbakemelding og tilbod om munnleg rettleiing i etterkant. I år fekk studentane berre skriftleg tilbakemelding, men med melding om at dei ikkje måtte nøle med å ta kontakt viss dei har spørsmål. Berre éin student har nytta seg av moglegheita til å snakke om tilbakemeldinga. Éin student trakk fram arbeidet (informasjon og rettleiing) av mappeoppgåva som positivt i studentevalueringa.

Haust 2022.

### **Karakterfordeling DIDANORAN1 og DIDANOR1:**

Studentane skriv to oppgåver som dei leverer i ei mappe til eksamen. Etter sensur (men før eventuelle klager), vart karakterfordelinga slik:

A:0 ; B:1 ; C:3 ; D:1 ; E:1 ; F:0


Underpunktet Attendemelding frå ekstern sensor til slutt i dokumentet kjem med eit forslag til endring av utforming av eksamen.

### **Faglærer sin kommentar til studentevalueringa**


Studentane fekk eit evalueringsskjema via MittUiB rett før den siste forelesinga. Fire studentar har svart på denne.

Generelt er studentane ganske nøgde med kurset, dei synst generelt at kurset framstår som eit heilskapleg kurs, og dei er ganske nøgde med undervisinga.

Generelt sett, hvor fornøyd er du med DIDANOR1/DIDANORAN1?




Fremstår DIDANOR1/DIDANORAN1 som et helhetlig kurs? (samsvar mellom ulike deler, god nok tid på hvert tema, pensum)



Haust 2022.

Hvor fornøyd er du med forelesningene på emnet?



### **Frammøte:**

Tre studentar svarar at dei har delteke på alle førelesingar, medan 1 svarar at hen har delteke på 6-10 førelesingar. Dette samsvarar med faglærarane sin oppfatning av frammøte.

### **Utbyte av undervisinga og pensum:**

Når det gjeld kor stort utbyte dei har hatt av å delteke på førelesingane, svarar alle fire at dei har hatt nokså stort utbyte av å delteke på førelesingane, og alle fire svarar at dei er ganske fornøgde med pensum og at dei har hatt nokså stort utbyte av å lese pensumlitteraturen. Når det gjeld spørsmålet om pensummengda var tilpassa emnet sitt omfang, svarar 2 at det i stor grad er tilpassa, éin svarar i nokså stor grad, medan éin svarar verken eller.

Studentane fekk moglegheit til å utdjupe svara sine i eit kommentarfelt. Det var tre studentar som nytta moglegheita, men kommentarane gav ikkje kommentarar på moment i undersøkinga der studentane ikkje var så nøgde. Dette var kommentarane som kom inn:

- Nei
- Det har vært god veiledning og informasjon på mappeoppgaven! God Jul!!
- DIDANOR var det mest inspirerende på hele semesteret.

Det er kjekt at det for ein student var eit inspirerende emne, og at ein student var nøgd med rettleiing på mappeoppgåva, men eg kunne òg tenke meg å få kommentarar på kva dei tenkjer ein kunne gjort betre, eller kva ein synst om pensum. Til neste år kan det vere lurt å gå ut over standardmalen for studentevalueringar og føye på spørsmål som å utdjupe det dei er nøgde med, og å skrive noko om kva som kan gjerast betre, altså meir konkret bestilling til studentane.

Eit høve som bør nemnast er ressursbruken på DIDANORAN1, med berre ein student. Det er ressurskrevjande å ha eit emne med éin student. Sjølv om studenten kan delta på undervising saman med studentane på det andre kurset, krev likevel denne eine studenten ein del ressursar. Det er eigen litteraturliste til emnet som vert revidert kvart år, i tillegg er det òg oppbygging av eget emne i MittUiB, samt undervisingsøktene som er laga for og tilpassa denne eine studenten. I tillegg er eksamensoppgåva andrespråkdidaktisk retta, noko som gjer at emneansvarleg òg må finne ekstern sensor som har slik kompetanse. Førebels har eg funne eksterne sensorar som kan ta alle studentane, men eg har òg fått avslag på slike sensorførespurnadar fordi dei ikkje har andrespråksdidaktisk kompetanse. Det verker å gå mykje ressursar på ein student, og ein bør diskutere om ein skal tilby emne med så få studentar.

#### **Attendemelding frå ekstern sensor:**

Under sensurmøtet kom ekstern sensor med attendemeldingar om at det tydeleg er vanskeleg for studentane i emnet å vise kunnskapen sin gjennom formatet som er valt for eksamen. Omfanget på oppgåvene (totalt 20 000 teikn på to mappetekstar) er nokså lite, og ein får lite moglegheit til å gå i djupna på faglege tema. Studentane synst òg ofte det er vanskeleg å skrive desse oppgåvene av same grunn. Ein rekk berre å ta føre seg tematikk overflatisk, og får sjeldan moglegheit til å gå i djupna på tematikken, særleg viss ein vel oppgåva der ein skal drøfte eit undervisingsopplegg. Karakterane viser òg denne problematikken. Ein moglegheit for vidareutvikling av eksamensforma, kan vere å levere éin tekst, der studentane får moglegheit til å gå i djupna på eitt tema eller ei praksiserfaring. Ulempa er sjølvstøtt at studentane ikkje får vist kunnskap om fleire ulike tema, men eg meiner at vi dekkjer ulik tematikk såpass godt i undervisinga i faget at dette ikkje vil vere eit problem.

Viss ein ikkje går for ei endring i eksamensformat, må sensorrettleiinga gjennom en kraftig revisjon. Sensorrettleiinga er utforma etter emneplanen, og det er tydeleg at det er vanskeleg for studentane å vise «brei norskdidaktisk kunnskap» gjennom desse korte tekstane.

Sensorrettleiinga bør reviderast for å stå i stil med det læringsutbytte ein faktisk kan forvente at studentane sit att med etter 7,5 studiepoeng i nordisk fagdidaktikk, og den kunnskapen det er mogleg for dei å vise gjennom formatet som er valt.

Haust 2022.

**Helsing emneansvarleg Pernille Reitan Jensen**